

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/8724-10

**Kulturmidlar 2018 - utviklingstiltak****Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert løyvd kulturmidlar til følgjande nye utviklingstiltak i 2018:

<b>Tittel på prosjekt</b>	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilråding</b>
TV-serie «Line of sight», prosjektmidlar til utvikling av serie.	Northwestwood AS	100 000 kr
Dokumentarfilm om Oddvar Torsheim	Hans Otto Nicolayssen, Niccofilm	25 000 kr
<b>Sum</b>		<b>125 000 kr</b>

2. Det vert løyvd midlar i 2018 til følgjande utviklingstiltak som også fekk midlar i 2017:

<b>Tittel på prosjekt</b>	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilråding</b>
Rom for ord. Litterære møtestadar i distrikta.	Førde kommune	200 000 kr
Snu ein Stein - ei drodle- og aktivitetsbok	Karen Helga Maurstig	40 000 kr
Regional plan for kultur/registrering av regionalt viktige kulturminne		170 000 kr
<b>Sum</b>		<b>410 000 kr</b>

3. Det vert løyvd midlar til følgjande utviklingsavtalar i 2018:

<b>Tittel på prosjekt</b>	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilråding</b>
Utviklingsavtale 2017 - 2019	Sogn og Fjordane idrettskrins	200 000 kr
Utviklingsavtale 20 - 20	Gloppen musikkfest	150 000 kr
Utviklingsavtale 2016 - 2018	Sogn og Fjordane ungdomslag	150 000 kr
<b>Sum</b>		<b>500 000 kr</b>

4. Det vert ikkje løyvd kulturmidlar utviklingstiltak 2018 til:

<b>Tiltak:</b>	<b>Søkjjar:</b>
Ambassade Kjartanistan – kompetanseheving i Lunden barnehage	Lunden barnehage, Naustdal
Kystled i Luster	Indre Sogn Kystlag
Dokumentarfilm om flaumen i Utvik	Roger Severin Bruland
Prosjekt Martin Linge - produksjon av manus til spelefilm	Helge Hjelle

5. Kr 1 035 000 vert dekket av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.

6. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

### **Vedlegg:**

1. Økonomisk oversikt over søknadane 2018

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvalet. Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2018, midlane er reservert kulturområdet. Dette er ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur, og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

8 søknader er vurdert som utviklingstiltak. I tillegg er to fylkeskommunale tiltak teke med for løyving.

Det har kome inn 6 søknader om nye tiltak, av dette er 4 søknader om filmproduksjonar som er utvikla av eller går føre seg i og med utøvarar i Sogn og Fjordane. 2 søknader er vidareførte tiltak som fekk midlar i 2017.

Fylkesdirektøren foreslår også å vidareføre 3 utviklingsavtalar i tillegg til utviklingsavtale med FNF som var handsama i HNK i sak 16/18.

Fylkesdirektøren foreslår i denne saka å nytte 1,035 mill. kr til søknader om kulturmidlar til utviklingstiltak. Det står da igjen 0,115 mill. kr til seinare bruk.

### **2. Bakgrunn for saka**

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvalet. Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2018, midlane er reservert kulturområdet. Dette er ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur, og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

Sett av budsjett 2018	kr 1 850 000
Tidlegare løyvt:	
• Vestnorsk filmsenter, HNK-sak 65/17 (Løyvt og utbetalt i 2017 kr 100 000)	
• PreForm, HNK-sak 17/18	kr 300 000
• Friluftsråd HNK-sak 32/17, årleg løyving (reservert)	kr 200 000
• Utviklingsavtale FNF, HNK-sak 16/18	kr 200 000
Rest til disposisjon	kr 1 150 000

Fylkesdirektøren foreslår i denne saka å nytte 1,035 mill. kr til søknader om kulturmidlar til utviklingstiltak. Det står da igjen 0,115 mill. kr til seinare bruk.

Søknadane som er vurdert i denne saka, er søknader som fylkesdirektøren vurderer å ha eit utviklingsperspektiv jf. retningslinene. Der ein viser i søknaden at ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar.

I tillegg har fylkesdirektøren i medhald av delegert mynde løyvd kulturmidlar til kulturtiltak. Informasjon om desse løyvingane vert gitt til hovudutvalet som melding.

### 3. Søknader 2018

#### 3.1. Innleiing:

8 søknader er vurdert som utviklingstiltak. I tillegg er eit fylkeskommunalt tiltak teke med for løyving (utarbeiding av regional plan for kultur).

Det har kome inn 6 søknader om nye tiltak, av dette er 4 søknader om filmproduksjonar som er utvikla av eller går føre seg i og med utøvarar i Sogn og Fjordane. 2 søknader er vidareførte tiltak som fekk midlar i 2017.

Fylkesdirektøren foreslår også å vidareføre 3 utviklingsavtalar i tillegg til utviklingsavtale med FNF som var handsama i HNK i sak 16/18.

Utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane idrettskrins inneheld også avtalar som særkrinsane har hatt med fylkeskommunen, og som er fasa inn i ein samla avtale med idrettskrinsen. Løyvinga til skikrinsen er dekt av administrativt vedtak i 2017, og løyving til tiltak i regi av fotballkrinsen vert dekkja innan folkehelsebudsjettet (vidareføring), teneste 4802. Utviklingsavtalen med idrettskrinsen inneheld ei løyving på 0,200 mill. kr, som er foreslått dekkja via teneste 4005 hovudutvalet til disposisjon.

Utviklingsavtalen med Gloppen musikkfest og Sogn og Fjordane ungdomslag vert vidareført i siste avtaleår.

Fylkesdirektøren viser alle prosjekta i avtalane omtale/vurdering av tiltaka under.

#### 3.2. Omtale/vurderingar/tilrådingar:

##### A) Nye søknader/tiltak:

Tiltak: 17/8724-4	<b>Ambassade Kjartanistan – kompetanseheving i Lunden barnehage</b>	Søklar:	<b>Lunden barnehage, Naustdal</b>
Innhald:	<p>Naustdal kommune har arbeidd for å realisere ein Ambassade for Kjartanistan innan 2017. Dette har dei motteke utviklingsmidlar til i tre år. Det er mange arenaer i dette tiltaket, ein av dei er Lunden barnehage.</p> <p>Dei søker no om midlar til kompetanseheving blant dei tilsette i Lunden barnehage og viser til rammeplanen for barnehagar i Noreg. Dei ønskjer, gjennom prosjektet Ambassade for Kjartanistan, å legge til rette for at tilsette kan jobbe skapande med alle fagområda. Visuelle kunstoffag, men også musikk og drama. Dei vil finne fram til nye arbeidsmåtar gjennom kurs og rettleiing i praksis/i kvardagen. Mykje handlar om bevisstgjerings- og ufarleggjering. Kulturskulen vil bistå med fagpersonell inn i prosjektet som har som hovudmål å gjere personalet trygge på seg sjølv gjennom å få jobbe med ulike material og teknikkar saman og ta med dette vidare i kvardagen.</p> <p>I prosjektet Ambassade for Kjartanistan som vart avslutta i 2017 er ambisjonen at Kvardagsarenaer som skule og barnehage skal vere levande kunstlandSKAP. Prosjektet skal bygge på lokal eigenart, ha barn og unge som målgruppe, og styrke den kulturelle infrastrukturen lokalt og i regionen. Søknaden er knytt til realisering av naustdalsk-kjartanistanske kunstarenaer gjennom rehabilitering av m.a. Lunden barnehage (Undrelunden). Dei ville ha eitt særleg fokus på kompetanseheving i Undrelunden i 2017.</p>		
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren viser til tidlegare løyvingar til prosjektet Ambassade Kjartanistan der det var vektlagt kompetanseheving i Lunden barnehage/Undrelunden i 2017. Det vart gitt midlar til å utprøve dette tiltaket og fylkesdirektøren føreset at dette er gjennomført i dette prosjektet.</p> <p>Vidare tiltak innanfor Ambassade Kjartanistan vert vurdert å vere eit lokalt ansvar, og spesielt kompetanseheving av tilsette i kommunale verksemder fell utanfor det fylkeskommunale ansvaret. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til avslag på</p>		

	søknaden.				
<b>Budsjett:</b>	<b>145 000</b>	<b>Søknadssum:</b>	<b>100 000</b>	<b>Tilråding:</b>	<b>0</b>
Tiltak: 17/8724-3	<b>Kystled i Luster</b>	Søkjær:	<b>Indre Sogn Kystlag</b>		
Innhald:	<p>Indre Sogn kystlag er ein del av Forbundet Kysten, som er organisert under Forum for natur og friluftsliv. Føremålet med søknaden er nyetablering av "Kystled" i Luster med utleige av sognefæringar på fjorden. Kystled er eit landsomfattande prosjekt som vert drifta av Den Norske Turistforeining, Friluftsråda og Forbundet Kysten. Kystledprosjektet legg til rette for eit ikkje-motorisert friluftsliv langs kysten og fjordane i Norge. Frå 2006 har Indre Sogn Kystlag vore med og drifte utleige av tradisjonelle færingar (bruksbåtar). Dette som eit fint og rimeleg friluftstilbod for både turistar og fastbuande som vitjar Unesco området Nærøyfjorden.</p> <p>Indre Sogn Kystlag har tre fine sognefæringar som kan nyttast til utleige i Lustrafjorden i 2018. Dei treng å utstyrast med nye flytevestar, tauverk, blåser, kart og fiskeutstyr.</p> <p>Indre Sogn kystlag vil formidle ein aktivitet gjennom kulturarven vår frå Sogn. Ikkje som ei passiv formidling, ikkje berre som bilde og tekst, men med handling, oppleving og erfaring, som skapar djupare forståing for fortida sin teknologi og samfunn. Og i tillegg er behovet for å ta vare på både nybygging og bruk av dei klinkbygde båtane frå kulturarven vår stor.</p> <p>I følgje Kystleden si heimeside er dette eit unikt tilbod for deg som søker friluftslivsaktiviteter og opplevingar langs kysten. Kystleden gir deg moglegheit til å oppleve skjergarden på en miljøvennlig måte – med robåt og enkel overnatting. Dette er eit nettverk av dei som tilbyr overnatting og opplevingar langs kysten.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren viser til at søkjaren er ein del av kystlaga som er organisert under FNF sin paraply. Organisasjonane under FNF i Sogn og Fjordane vert støtta både med driftsmidlar og prosjektmidlar i 2018. Tilbodet deira er også ein del av tilboda som vert organisert under Nærøyfjorden verdsarvpark sitt tilbod.</p> <p>Som dei peikar på i søknaden er Friluftsråda ein av partane som driv «Kystled» som eit landsomfattande tilbod. Det er førebels ikkje oppretta friluftsråd som dekkjer denne delen av fylket.</p> <p>Føremålet med tiltaket vert vurdert av fylkesdirektøren å ligge under dei sokalla opplevingsnæringane, som bør vere sterke i dette verdsarv-området. Hensikta med tiltaket, ikkje-motorisert friluftsliv er eit godt tiltak i verdsarvområdet. Fylkesdirektøren vurderer det likevel å ligge utanfor kulturmidlane sitt verkeområde å løyve midlar til dette føremålet.</p> <p>Fylkeskommunen løyver midlar til tiltak som har verknad for heile eller ein større del av fylket. Dette tiltaket vurderer fylkesdirektøren som eit lokalt tiltak i Luster. Lokale tiltak kan søkje kommunale kulturmidlar.</p> <p>Fylkesdirektøren rår difor til at søknaden vert avslått.</p>				
Budsjett:	58 000	Søknadssum:	20 000	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Prosjekt Martin Linge - produksjon av manus til spelefilm</b>	Søkjær:	<b>Helge Hjelle</b>		
Innhald:	<p>Prosjekt Martin Linge – skodespelar og krigshelt.</p> <p>Dei som står bak «Prosjekt Martin Linge» er Øystein Wiik (manusforfattar), Hallvad Bræin (er kontakta som regissør), Nic Osbourne (regissør) og Helge Hjelle. Dei vil i løpet av 2018 skrive manus til ein spelefilm om Kaptein Martin Linge. Manuset vil verte utarbeidd slik at filmen kan bli ein TV-serie, etter spelefilmperioden.</p> <p>Dei har vore i møte med Martin Linge sin familie, «<i>der en bifalt ideen og prosjektet og gav tillatelse/rettighetene til videre arbeid med manus og produksjon av spillefilm/TV produksjon om Kaptein Martin Linge.</i>»</p> <p>Om alt går etter planen planlegger ein innspeling vinteren 2018/2019, med premiere seint haust 2019/vinter 2020.</p>				

	<p>Søkjaren viser til at ein spelefilm og tv-produksjon om Kaptein Martin Linge vil gi både Måløy/Vågsøy og regionen enorm promotering, både under innspelninga som vil gå føre der og etter at historia er fortalt, da ein kan forvente ei sterk auke i besøkande. Dei viser her til tv-produksjonen «Kampen om Tungtvannet» der ein i Rjukan kan vise til ei enorm pågang av turistar i etterkant. Søkjaren viser til at «en deltakelse i dette prosjektet være en meget god investering for fremtiden.»</p> <p>Filmar og tv-seriar med tema frå 2. verdskrig har vore og er populære, ein film om kaptein Martin Linge og Måløyraidet vil derfor være «i tida», og vil ha eit stort nedslagsfelt også utanfor Norges grenser.</p>				
Vurdering:	<p>Ordinære kulturmidlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar og tiltak. Denne søknaden er difor vurdert under utviklingstiltak.</p> <p>Fylkesdirektøren viser til at tema for denne planlagde filmen er ein del av nasjonal historie, men samtidig også viktig regional historie. I følgje Filmweb er det produsert ein film i 1987 om Måløyraidet. NRK har også ein del materiale.</p> <p>Søknaden gjeld tilskot til manusproduksjon. Søknaden er på 50 % av samla budsjett, mens retningslinene for kulturtilskot viser at ein kan gi løyving på inntil 1/3 av kostnadane. Slik sett er søknaden ikkje fullfinansiert. Det er ikkje lagt avgjerande vekt på dette i vurderinga.</p> <p>Fylkeskommunen støttar filmarbeid gjennom tilskot til Vestnorsk Filmsenter som jobbar konkret med filmprosjekta. Dei støttar manusutvikling til spelefilm, nålauget er trøngt og dei ser på alle sider ved ein søknad, ikkje berre ide og synopsis, men også gjennomføringsevne og erfaring. Norsk filminstitutt har også ordningar for manusutvikling som alle kan søkje på.</p> <p>Dette prosjektet er knytt til Sogn og Fjordane gjennom vår nasjonale krigshistorie. Likevel finn fylkesdirektøren at prosjektet har for lita regional forankring til å innstille på å løyve pengar til dette. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at søknaden vert avslått.</p>				
Budsjett:	500 000	Søknadssum:	250 000	Tilråding:	0

Tiltak:	<b>Dokumentarfilm om Oddvar Torsheim</b>	Søklar:	<b>Hans Otto Nicolayssen, Niccofilm</b>		
Innhald:	<p>Oddvar Torsheim er en av vestlandets mest kjente biletkunstnarar, og ein original, folkekjær trubadur med trekkspele og egne songar. Han fyller 80 år i november 2018.</p> <p>Søkjaren er i arbeid med en times dokumentarfilm om Torsheim. Denne skal vise livet hans som kunstnar.</p> <p>Søkjaren har fått prosjektutviklingsstøtte frå Vestnorsk Filmsenter (i Bergen) og har søkt om produksjonsstøtte. Han søker Førde kommune og fylkeskommunen om tilskot til produksjon.</p>				
Vurdering:	<p>Ordinære kulturmidlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar og tiltak. Denne søknaden er difor vurdert under utviklingstiltak.</p> <p>Fylkesdirektøren viser til at Oddvar Torsheim er ein viktig samtidskunstnar nasjonalt og for regionen.</p> <p>Søknaden gjeld tilskot til filmproduksjonen. Det er søkt eit avgrensa beløp i høve til totalkostnad. Fylkeskommunen støttar filmarbeid gjennom tilskot til Vestnorsk Filmsenter som jobbar konkret med filmprosjekta. Norsk filminstitutt har også ordningar som alle kan søkje på. Søkjaren har nytta seg av desse moglegheitene.</p> <p>Dette prosjektet er knytt til Sogn og Fjordane gjennom Torsheim sitt lange virke i regionen. Det er viktig at historia til sentrale kulturaktørar frå Sogn og Fjordane vert samla og bevart for ettertida. Fylkesdirektøren finn difor rom for å innstille ei avgrensa løyving til dette prosjektet i samband med kunstnaren sitt jubileum.</p>				
Budsjett:	1 254 609	Søknadssum:	50 000	Tilråding:	25 000

Tiltak:	<b>Dokumentarfilm om flaumen i Utvik</b>	Søkjær:	<b>Roger Severin Bruland</b>		
Innhald:	<p>Bruland har vore utanriksjournalist i NRK i ti år. Sommaren 2018 vil han lage ein dokumentarfilm om flaumen i Utvik. NTNU professor Oddbjørn Bruland seier at dette er ein "tusenårsflaum", men at det også er eit vêrfenomen som vi må rekne med kjem oftare grunna global oppvarming. Søkjær ønsker å lage ein dokumentasjon av dei dramatiske dagane i Utvik. Føremålet er tredelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- å sikre dokumentasjon for ettertida, å gjere intervju medan dette framleis er friskt i minne.</li> <li>- gi kunnskap til andre lokalsamfunn i fylket som kan bli råka av naturkatastrofar i framtida.</li> <li>- presentere filmen i fylket gjennom å gjennomføre åtte syningar i fylket, og selje inn filmen til festivalar og NRK.</li> </ul> <p>Den røynde rumenske filmfotografen Dragos Lumpan er engasjert. Hovudpersonen i dokumentaren vil vere professor Oddbjørn Bruland, som på same måte som regissøren vart personleg råka av flaumen. Han har ei blanding av spisskompetanse på flaum, samtidig som han er personleg engasjert. Det vil difor bli ein personleg film, der dei vil forsøke å skildre frykta, avmakta, men også samholdet og håpet i ein slik situasjon.</p>				
Vurdering:	<p>Ordinære kulturmidlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar og tiltak. Denne søknaden er difor vurdert under utviklingstiltak.</p> <p>Fylkesdirektøren viser til at tema for denne planlagde filmen er ein del av vår nære historie og ei dramatisk hending for lokalsamfunnet.</p> <p>Søknaden gjeld tilskot til produksjonen av dokumentarfilmen. Søknaden er på over 90 % av samla budsjett, mens retningslinene for kulturtilskot viser at ein kan gi løyving på inntil 1/3 av kostnadane, slik sett er søknaden ikkje fullfinansiert. Det er ikkje lagt avgjerande vekt på dette i vurderinga.</p> <p>Fylkeskommunen støttar filmarbeid gjennom tilskot til Vestnorsk Filmsenter som jobbar konkret med filmprosjekta. Dei støttar også dokumentarfilm, fylkesdirektøren viser difor til desse ordningane. Norsk filminstitutt har også ordningar som alle kan søkje på.</p> <p>Dette prosjektet er knytt til Sogn og Fjordane sidan det gjeld vår nære historie. Den skal filmast her, men etterarbeid o.l. skal gjerast i Romania.</p> <p>Film som uttrykk kan ha hovudføremål både som kunst og næring. Dokumentarfilm er ofte ein kombinasjon der fylkesdirektøren ser på kva innhald ein ønskjer å formidle, i dette tilfellet vurderer fylkesdirektøren at tema ligg utanfor det som er naturleg å støtte gjennom kulturmidlar. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at søknaden vert avslått.</p>				
Budsjett:	130 000	Søknadssum:	120 000	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak: 17/8724-11 17/8724-12	<b>TV-serie «Line of sight» prosjektmidlar til utvikling av serie.</b>	Søkjær:	<b>Northwestwood AS</b>		
Innhald:	<p>Northwestwood AS er eit selskap etablert i Askvoll kommune. Det har 2 tilsette som begge driv innan kreativ næring. Føremålet er å produsere tv/film-innhald frå vår region, og etterkvart bygge dette opp til å bli stor industri. Dette prosjektet er deira første innan utvikling og produksjon av eit tv-drama prosjekt. Tidlegare har dei jobba med dokumentarisk materiale og reklamefilm. I følgje dei sjølve er det det einaste selskapet i Sogn og Fjordane som arbeider innan dette feltet. Andre selskap lagar filmar/seriar her, men dei kjem utanfrå og bruker fylket som kulisse før dei reiser igjen. Dette skaper få ringverknader i fylket anna enn noko reklameeffekt og ressursar brukt mens produksjonen er her. Denne søkjaren ønsker å bygge opp ei bedrift som kan vekse seg stor og produsere innhald</p>				

	<p>herifrå i lang tid framover.</p> <p>Dette prosjektet sine utandørsscenar og historia ligg i Florø og Bremanger. Serien vil ha ein innspelingsperiode på nokre månader og vil sysselsette 100-300 personar i denne perioden. Det handlar om krigsheltane som låg langs Norskekysten og rapporterte til Storbritannia om tyskarane sin aktivitet langs kysten. Dei har tatt for seg nokre lokale heltar, hovudsakleg Atle Svardal, som låg utanfor Botnane 3 gonger i løpet av krigen.</p> <p>Prosjektet er initiert av Flora historielag, som jobba med prosjektet i forkant av at Northwestwood gikk inn og har profesjonalisert utviklinga. Dei har fått skrive ein 8 episodar lang serie ut av dette. Hovudforfattar er Petter Rosenlund, som skreiv "Kampen om Tungtvannet". Det er rekruttert ressurspersonar også i utlandet, som har arbeidd mykje med m.a. BBC. NRK er, under rette føresetnader, også interessert i prosjektet.</p> <p>Prosjektet har eit utviklingsbudsjett på 3 mill. kr, og blir serien realisert vil den ha eit budsjett på mellom 150 - 300 mill.kr. 30-60 % av dette kan bli brukt i Norge.</p> <p>Fase 1 i prosjektet er gjennomført, med forfattarar, research, produsentar, visuell utvikling osv.</p> <p>Fase 2 vert no starta, dette er ei skjør fase, der mykje vert avgjort om ein klarar å presentere og engasjere utanlandske kringkastarar. Seier dei ja til dette opnar det opp mange dører i forhold til finansiering, både frå NRK og frå Norsk Filminstitutt. Fase 2 er budsjettert til 0,5 mill.kr. der det vert søkt til Bremanger og Flora kommune i tillegg til fylkeskommunen.</p> <p>Som ein ringverknad av eit realisert prosjekt vil det verte etablert eit firma som kan drive med utvikling av prosjekt som kan kome i etterkant av denne tv-serien. Ein kan også levere produksjon til liknande prosjekt andre vil realisere i regionen. Erfaring viser at når ein etablerer slike selskap ser ein at ein har tydelig knoppskyting, med andre underleverandører til denne type produksjon.</p> <p>I følgje søkjar er den største utfordringa for å få til dette produksjonsmiljøet, å få inn det første prosjektet. Seinare kan ein utvikle og hente inn andre prosjekt som bygger på det første prosjektet, den såkalla høna eller egget-utfordringa. Dei treng eitt prosjekt for å etablere et miljø, dei treng eitt prosjekt for at nokon skal sjå til Sogn og Fjordane for å vite at film/tv kan produserast her, men dei vurderer at utan produksjonsmiljø blir dette vanskelig å hente hit. Difor treng dei litt ekstra hjelp for å utvikle dette første prosjektet. Northwestwood meiner dei er meir enn kapable til å gjennomføre prosjektet, og har med folk som har gjort dette før og som heilt klart har gjennomføringskraft.</p> <p>Dei har likevel ein plan B, skulle fase 2 vise at ein ikkje kan få utanlandske kringkastarar med, vil selskapet garantere for produksjon av ein dokumentarfilm om dei ukjente krigsheltane.</p>
Vurdering:	<p>Det er søkt om midlar til utvikling av forprosjektet. Ordinære kulturmidlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar og tiltak. Denne søknaden er difor vurdert som eit utviklingstiltak. Ein kan gi forprosjektmidlar til å utforske nye tiltak, samarbeid, kunstformer og uprøvde vinklingar. Det vert alltid ei vurdering i kvart enkelt tilfelle om kva som vert prioritert.</p> <p>Dette er eit ambisiøst prosjekt med stor risiko. Filmproduksjon er ressurskrevjande, også økonomisk. Det er etablert mange støtteordningar frå NFI og VF som fylkesdirektøren føreset at søkjar nyttar seg av, noko dei også viser i</p>

<p>søknaden. Prosjektet har ei lokalhistorisk tilknytning gjennom krigshistoria knytt til Flora og Bremanger.</p> <p>Sogn og Fjordane har eit lite filmmiljø i dag, stort sett knytt til oppdragsfilm og reklamefilm. Hafstad og Sogndal vidaregåande skular har opplæring i film og miljø for ungdom som kvalifiserer seg til bransjen. Å styrke dei kulturelle og kreative næringane (KKN) i fylket er ei målsetting. Dette vil gi eit meir variert og attraktivt næringsliv i fylket og fleire bein å stå på ved rekruttering av tilflyttarar til fylket. Sogn og Fjordane har sin styrke innan filmnæringane særleg innan lokalisasjon, her er både natur- og kulturlandskap og kulturmiljø som er attraktive for innspeling. Utfordringa er å ta i mot ei filminnspeling, med det dei treng av eit allereie etablert mottaksapparat der ein har tilgang på alt ein treng av t.d. fagfolk, overnatting og bespisning, transport og service elles. Fylkesdirektøren har avventa eit naturleg høve til å stimulere etablering av eit mottaksapparat for filminnspeling i fylket.</p> <p>Ein ringverknad av ei vellykka satsing frå Northwestwood kan bli etablering av dette mottaksapparatet som Sogn og Fjordane treng for å utvikle moglegheitene innan filmnæringane. Utviklingsperspektivet ved tildeling av kulturmidlar vert vektlagt, der retningslinene seier at: «å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling.» På bakgrunn av dette vurderer fylkesdirektøren å kunne gå inn med utviklingsmidlar til prosjektet og innstiller på å løyve dei omsøkte midlane til prosjektet. Midlane vert løyvd med atterhald om at prosjektet vert gjennomført i tråd med søknaden.</p>					
Budsjett:	500 000	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	<b>100 000</b>

#### B) Vidareførte tiltak:

Tiltak: 17/8724-5	<b>Rom for ord. Litterære møtestadar i distrikta.</b>	Søkjær:	<b>Førde kommune</b>
Innhald:	<p>Førde kommune fekk løyving til «Rom for ord» i 2017 til igangsetting av tiltaket.</p> <p>Ambisjonen i prosjektet er å styrke og utvikle eksisterande møteplassar/institusjonar med eit godt litterært tilbod, og legge grunnlaget for etableringa av ein litterær kulturinstitusjon gjennom ein treårig prosjektperiode (1.1.2018 – 31.12.2020). Eit litteraturhus tilpassa tilhøva i distriktet.</p> <p>Rom for ord vil ha tre prioriterte hovudoppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lokal oppgåve: Utvikle og styrke bibliotek, institusjonar og kulturaktørar gjennom nye litterære arrangement, debatt og deltaking.</li> <li>2. Regional oppgåve: Utvikle programtypar som sørgjer for eit utvida litterært kulturtilbod i våre distrikt</li> <li>3. Nasjonal oppgåve: Utvikle programinnhald som formidlar ny, nynorsk litteratur.</li> </ol> <p>Førde vart "Årets nynorskkommune" i 2015. Utmerkinga er brukt til å utvikle eit større litterært kultur og debatt-tilbod gjennom satsinga "Rom for ord". Der ein i samarbeid mellom aktørar i kulturlivet, opplæringa, næringsliv og i frivillige lag og organisasjonar har gjennomført arrangement kring om i heile Sunnfjord.</p> <p>Gjennom eit treårig prosjekt vil dei vidareføre og utvikle erfaringane. Samarbeid er kjernen i arbeidsmetoden. Rom for ord si oppgåve har vore å tilføre det som trengst for at dei ulike tiltaka skulle kunne realiserast; initiere og produsere, leggje til rette og koordinere, formidle og synleggjere. Dette blir eit litteraturhus – på vår måte. Der «Rom for ord» vil arbeide for å vekke interesse for lesing og litteratur, i ei brei forståing av omgrepet; Som tekst i samfunnet.</p> <p>I 2018 utviklar Rom for ord 8 programtypar: Nynorsk barnebokfest, Leseløft for nynorsk-litteraturen, Litteratur i grendehuset, Vinje - vår mann, Glimesteinar, Herborgs julefest på Åmot, Nettside og katalog og framhald av etablerte publikumstilbod.</p>		



	<p>Dei har motteke stønad frå Fritt ord, Norsk kulturråd og Nasjonalbiblioteket.</p>			
Vurdering:	<p>Dette er eit stort og ambisiøst prosjekt som er avhengig av medfinansiering frå mange partar. Prosjektet er krevjande å få i gang med dette ambisjonsnivået. Samtidig kan det settast i gang og gjennomførast i mindre skala om det er situasjonen.</p> <p>Satsinga er i tråd med fylkeskommunen sin kulturstrategi. Det er også eit prosjekt som har verdi og overføringsverdi for større delar av fylket. Det er nyskapande og stimulerer til samarbeid på tvers. Dei fyller ein regional funksjon, i tillegg skapar dei arbeidsplassar i det frie kunstfeltet og dei skapar moglegheit for kultur næringsane. Prosjektet har allereie kome godt i gong og femnar om eit stort publikum.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd vidare midlar til prosjektet. Utbetaling føreset at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden. Det er likevel opning for at prosjektet kan skalerast ned etter reell finansiering. Tilskotet kan då bli redusert.</p>			
Budsjett:	1 850 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding: <b>200 000</b>

Tiltak: 17/8724-9	<b>Snu ein Stein - ei drodle og aktivitetsbok</b>	Søkjjar:	<b>Karen Helga Maurstig</b>	
Innhald:	<p>Maurstig søkte i 2017 om stønad til forprosjekt til utvikling av ei drodle- og aktivitetsbok til aldersgruppa 8 – 15 år. Målgruppa er vanlege skuleborn, born på mottak og pasientar på barneavdelinga på sjukehuset. Det vart løyvd forprosjektmidlar i 2017 til eit to-dagars seminar med lokale kunstnarar der ideen vart utvikla.</p> <p>Ho søkjer no om midlar i 2018 og 2019 til å gjennomføre prosjektet. Å drodle er å lage kruseduller og andre uhøgtidelige og små teikningar. Dette er ein aktivitet som ein kan gjere utan forkunnskap og utan at ein treng å få instruksjonar frå ein lærar som er til stades. Ein kan fokusere på aktiviteten og få ein pause frå vanskelege tankar. Drodlebøker vert brukt i undervisninga, både på kulturskulen og på mottak. Søkjaren vil no utvikle ei drodle- og aktivitetsbok som er forankra i Sogn og Fjordane. Den raude tråden i boka er stein, noko søkjaren knyter mot landskap, industri, undring og tolking. Ein veit aldri kva ein finn under ein stein, ein må gå bort og snu den. Det er 5 kunstnarar med i prosjektet, desse skal arbeide individuelt, men kjem saman for å utvikle og samordne prosjektet. Dei treng fire to-dagars samlingar i løpet av 2018. Hausten 2018 vert ein del av oppgåvene testa ut saman med til dømes elevar på ein kulturskule og flyktingbarn. Sidene i boka inspirerer til eigenaktivitet i boka og utanfor boka, innomhus og ute. Til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>•Bruke papir, rive, lage ansikt...oppskrift på lim; mjøl + vatn. Papir og anna materiale du kan finne der du er.</li> <li>•Kart over Sogn og Fjordane – nokre oppgåver vil ha kartreferanse. Dette vil gi kunnskap om fylket og utvikle tilhørslse.</li> </ul>			
Vurdering:	<p>Det vart gitt forprosjektmidlar som eit utviklingstiltak sidan det vart vurdert til eit spennande prosjekt som er lokalt forankra og som gir born moglegheit til å nytte seg av eit verktøy i kunstutvikling og personleg utvikling som har ei lokal tilknytning og som kan bidra til å gi born og ungdom sterkare identitet, kunnskap om og tilknytning til Sogn og Fjordane.</p> <p>Budsjettet gjeld både for 2018 og 19. Søknadssummen er totalt på 160 000 kr og inkluderer kostnadar til produksjon og marknadsføring av boka. Retningslinene for kulturmidlane viser at det ikkje vert gitt tilskot til utgjeving av t.d. litteratur. Dette vert føresett finansiert av sal av produktet. Fylkesdirektøren vil difor avgrense eit tilskot til kostnadane ved produksjon av innhaldet i boka.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at prosjektet har ei innretning med kunstformidling og stimulans til sjølvskaping mot definerte grupper som kan ha nytte av dette, men som samtidig femnar breitt over ei heil aldersgruppe. Føremålet om å skape identitet, kunnskap og tilknytning til fylket er også viktig om dette skal ha regional verdi. Det vert difor løyvd ein avgrensa sum til tiltaket. Det er ei føresetnad for løyvinga at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden. Det må ev. søkjast på nytt i 2019 for vidare løyving.</p>			
<b>Budsjett:</b>	<b>480 000 (18/19)</b>	<b>Søknadssum:</b>	<b>100 000 (totalt 160 000)</b>	<b>Vedtak: 40 000</b>

Tiltak	<b>Regional plan for kultur / Regionalt viktige kulturminne</b>	Søklar:	<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune</b>
Innhald:	<p>Regional planstrategi angir at det skal utarbeidast regional plan for kultur i perioden 2017 - 2018. Denne skal gjelde frå 2019. Dette er ein plan for heile regionen der ein samarbeider med partnerskapen om utarbeiding og prioritering. Særleg vektlagt er samarbeid med kommunane og frivillig sektor.</p> <p>I planprosessen skal ein drøfte korleis kulturfeltet skal bidra til å oppfylle måla i regional planstrategi. Eit sentralt spørsmål er kva rolle kultur skal spele i samfunnsutviklinga.</p> <p>Fylkeskommunen er regional planstyresmakt og skal sjå til at planen vert utarbeidd i medverknad med andre relevante aktørar.</p> <p>Arbeidet med regional plan er godt i gang, og framlegg til plan skal sendast ut til høyring i slutten av mai og med endeleg vedtak i fylkestinget i oktober 2018.</p> <p>I tillegg er det bestemt at det skal gjerast ei kartlegging av regionalt viktige kulturminne, jf oppfølging av forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltninga. Dette arbeidet vert gjennomført i 2018/2019. Det vert også gjort ei kartlegging av nasjonalt viktige kulturhistoriske landskap i fylket. Dette etter initiativ frå Riksantikvaren.</p>		
Vurdering:	<p>For å ivareta ansvaret som regional planstyresmakt og syte for at relevante partar medverkar i planprosessen treng ein noko midlar til å arrangere møte, kjøpe fri sentrale aktørar, samt å innhente kunnskapsgrunnlag for planen/registreringane. Til registreringa av dei kulturhistorisk viktige landskapa har Riksantikvaren alt løyvt kr 130 000. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av midlar til dette arbeidet med kr 100 000 til planarbeidet og kr 70 000 til registreringsarbeidet.</p>		
Budsjett:		Søknadssum:	Tilråding: <b>170 000</b>

### C) Utviklingsavtalar:

Tiltak: 17/8724-13	<b>Utviklingsavtale 2017 - 2019</b>	Søklar:	<b>Sogn og Fjordane idrettskrins</b>
Innhald:	<p>Vi er no midt inne i avtaleperioden mellom Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Målet med avtalen er fysisk aktivitet for alle. Idrettskrinsen får driftsstønad og prosjektstønad til desse utviklingstiltaka:</p> <p><b>«Ski i skulen» kr 100 000, av driftsmidlar 2017, utbetalt</b> Fylkeskommunen har hatt eigen utviklingsavtale med Skikrinsen om gjennomføringa av «Ski i skulen». Prosjektet omfattar 10-15 grunnskular og 700-750 elevar kvart år. Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p> <p><b>Fotballkrinsen, kr 240 000,- av folkehelsemidlane 2018 til prosjekt:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Safe sport/Trygg fotball</li> <li>2) Helse</li> <li>3) Inkludering</li> <li>4) Barn/ungdom</li> <li>5) Forsking/utvikling/HSF/Sogndal fotball</li> </ol> <p>Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p> <p><b>Kr 200 000 til prosjekta:</b> <b>«Ein god idrettskommune»</b> Vidareutvikle kompetansen til styra i idrettsråda gjennom årleg fellessamling for desse, samhandlingstiltak med fylkeskommunen, informasjonsmateriell og oppfølging av behov frå kvart idrettsråd.</p> <p><b>«Framtidas idrett i Sogn og Fjordane»</b> Gjennom fellesprosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fjordane» har vi lagt til rette for å bygge gode utviklingsmiljø i fylket gjennom:</p>		

	<p>- styrka trenar og leiarkompetanse på tvers av særiddrettar</p> <p>- bygge gode lokale utviklingsmiljø på tvers av idrettslaga i kommunen</p> <p><b>Grenselaus idrettsdagar</b></p> <p>Grenselaus idrettsdag har etablert seg som ein viktig møteplass for menneske med funksjonsnedsetting med stor deltaking frå heile fylket. Idrettsdagen gir moglegheit til å prøve ulike idrettar, skape eit større nettverk, og få informasjon om moglegheiter i idretten.</p> <p>Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p>			
Vurdering:	<p>Dette er eit ledd i Idrettskrinsen si oppfølging av handlingsprogram i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette er eit godt eksempel på dei synergiane vi ønskjer å løyse ut gjennom utviklingsavtalar, der aktørane bidreg til å oppnå regionale mål.</p>			
Budsjett:	Søknadssum:	200 000	Tilråding:	<b>200 000</b>

Tiltak: 17/7925-12	<b>Utviklingsavtale 2016 - 2018</b>	Søkjær:	<b>Gloppen musikkfest</b>	
Innhald:	<p>Gloppen Musikkfest er både ei årleg kulturhending og ein organisasjon som arbeider året igjennom. Det er inngått ei vidare utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og Gloppen musikkfest for 2016 – 2018. Gloppen musikkfest er den einaste klassiske musikkfestivalen i fylket. Den har utvikla seg frå ei lita hending til mange forgreiningar. Gloppen musikkfest mottek no fleirårig stønad frå kulturrådet. Det er difor naturleg å sjå på Gloppen musikkfest som ein regional aktør.</p> <p>I 2017 var det store prosjektet å bringe Kringkastingsorkestret til fylket. Gloppen kommune vart i 2017 kåra til Årets musikk-kommune i ei landsdekkjande kåring, og utdelinga vart gjort under Gloppen Musikkfest.</p> <p>I 2018 vil ein gå attende til kammermusikkformatet, men tenkje nytt og presentere gode musikkopplevingar på nye måtar. Mellom anna med filmvising med levande musikk, vandrekonsert på museet med innslag av litteratur og gjere det tydeleg i sentrum og omegn at det foregår ein festival. Årets tema er Norden, med musikarar frå dei fleste nordiske landa og nesten utelukkande nordisk repertoar.</p> <p>Dei ønskjer å utvide samarbeidet med lokale og regionale aktørar og institusjonar; som</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nordfjord Folkemuseum.</li> <li>- å utvide samarbeidet med Firda VGs. si musikkline ved å tilby dei ein arena</li> <li>- inkludere elevar ved dans og drama på Firda VGs.</li> <li>- initiere samarbeid med sal og scene-valfaget på Gloppen ungdomsskule</li> </ul> <p>Også i år skal dei ha ei eiga satsing på "Unge klassikarar" med konsertar og eige kammerseminar for desse. Det vert kammerkonsertar i Gloppen og i rundt om i fylket og eigne barnehage- og skulekonsertar, institusjonar og arbeidsplassar får også musikalske innslag.</p> <p>Gloppen musikkfest tek eit regionansvar for sjangeren klassisk musikk i Sogn og Fjordane og bidreg slik til mangfald i kulturtilbodet i fylket.</p>			
Vurdering:	<p>I avtaleperioden vil Sogn og Fjordane fylkeskommune støtte opp under arbeidet til Gloppen musikkfest. Dette vert gjort gjennom samarbeid i felles saker, nettverksarbeid i regionen og mot andre forvaltningsnivå, marknadsføring og omtale der dette er naturleg, ein økonomisk føreseieleg avtale i perioden og bruk av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kompetanse i utviklingsarbeid.</p> <p>Det er avtala å gi prosjektstønad for å følgje opp og å løfte fram unge klassiske musikarar frå fylket gjennom å skape ein arena der desse unge får kome "heim" og syne seg fram for eit breitt publikum. Gloppen musikkfest får også eit generelt festivaltilskot gjennom kulturmidlane på kr 150 000 i 2018.</p>			
Budsjett:	1 100 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding: <b>150 000</b>

Tiltak: 18/60-20	<b>Utviklingsavtale 2016 - 2018</b>	Søkjar:	<b>Sogn og Fjordane ungdomslag</b>		
Innhald:	<p>Utviklingsavtalen med SOFUL har som føremål å sikre arbeidet vidare med «Huset i bygda». Målet er å skape og utvikle gode opne møteplassar som er tilgjengeleg for alle i lokalsamfunna i fylket gjennom satsinga «Huset i bygda» (HiB).</p> <p>«Huset i bygda» skal hjelpe, støtte og inspirerer alle formar for organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik skapar ein meir synlege, sterkare og relevante kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitet og tilstellingar.</p> <p>Det er eit mål for samarbeidet at ein skal fokusere på at kulturbygga skal vere i bruk med aktivitet for ulike målgrupper og at det vert gjort gode behovsvurderingar i høve til aktivitet før ev. oppgraderingar og investeringar i bygga.</p> <p>I avtaleperioden skal ein prioritere å arbeide med:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivitetskartlegging av organisasjonseigde kulturbygg.</li> <li>• Kartlegge aktivitet i husa. Vise fram gode døme på hus som er godt tatt vare på og har høg aktivitet.</li> <li>• Husbasen skal overførast til eit kartverktøy som er ope for alle. T.d. som eit temakart i fylkesatlas.</li> <li>• ungdomslagshusa og andre opne lagshus skal vere tilgjengelege for alle ved å vere universelt utforma.</li> </ul> <p>Det er tilsett dagleg leiar i HiB i fast 40 % stilling. Arbeidet som er avtalt i utviklingsavtalen er starta opp og vert vidareført i 2018.</p>				
Vurdering:	<p>Det er viktig å ta vare på og styrke dei opne møteplassane i lokalsamfunna. Dette er eit godt samarbeidsprosjekt for fylkeskommunen, der ein også har med privat samarbeidspart gjennom Sparebankstiftinga.</p>				
Budsjett:	300 000	Søknadssum:	175 000	Tilråding:	<b>150 000</b>

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Prioriteringane som vart vedteke i HNK-sak 06/18 er lagt til grunn i vurderingane av den enkelte søknad. Nivået på det enkelte tilskotet ligg i hovudsak på same nivå som tidlegare. Midlane er foreslått fordelt til satsingar som korresponderer med regionale planar og kulturstrategien sine satsingsområde. Prosjekt som har overføringsverdi for større delar av fylket, og som er nyskapande vert prioritert. Tiltak i regi av frivillige organisasjonar og det frie feltet vert prioritert samt søknader som er i tråd med prioriteringane i kulturstrategien.

Fylkesdirektøren legg også vekt på å stimulere den kunstfaglege utviklinga i fylket gjennom å støtte prosessane som på sikt leiar fram mot eit resultat, da dette er vanskeleg å få stønad til frå andre finansieringskjelder.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår til løyvingar som vist i framlegg til vedtak. Det er da ein restsum til seinare disponering på 0,115 mill. kr.